

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 963989202

Namn på kommune STRYN KOMMUNE

Adresse Tonninggata 4

Postnummer/-stad 6783 Stryn

Kontaktperson

Namn Jon Nesje

Telefon 95034140

E-post jon.nesje@stryn.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak Då vi ikkje rakk politiske møter før fristen gjekk ut, vart denne saka handsama gjennom distribusjon via epost til kommunestyremedlemene og tilbakemelding. Vi har ført denne saka opp som orienteringssak på komande formannskapsmøte og kommunestyremøte.

Utfyllende merknader Høyringsuttale frå Stryn kommune

Regional plan for areal og mobilitet – planprogram

Innleiing

Stryn kommune takkar for høvet til å gje innspel til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet. Vi meiner det er viktig med god lokal forankring og at regionale føringar tek

omsyn til lokale utfordringar og målsetjingar. Denne uttalen byggjer på kommuneplanen sin samfunnsdel (Fagre Stryn 2.0), og støttar opp om høyringsuttalen frå Region Fjordane.

Stryn kommune vil understreke at:

Kommunen er lokal planmyndigheit, og må ha tilstrekkeleg handlingsrom til å tilpasse arealbruk etter lokale forhold.

Fylkeskommunen skal samordne og støtte, ikkje styre detaljert. Planprogrammet er svært omfattande og legg etter vårt syn føringar som kan utfordre det kommunale sjølvstyret.

Vi støttar Region Fjordane sitt syn på at planprogrammet er uvanleg detaljert, og at det difor krev grundig og konkret høyringsinnspel.

Senterstruktur og regionsenter:

Nordfjord har ein fleirkjernestruktur med fleire viktige tettstader. Å peike ut eitt regionsenter kan føre til:

Sentralisering og svekking av bygdene

Redusert lokalt eigarskap og utvikling

Ubalanse i ressursfordeling og investeringar

Stryn kommune meiner det er unødvendig og uheldig å peike ut eitt regionsenter i Nordfjord i dette dokumentet. Vi ber om at fleirkjernestrukturen blir respektert og vidareført.

Hovudinnspel frå Stryn kommune

Etterlyser inkludering av RV 15 og FV 60 som regionale hovudlinjer i samferdsleplanen.

Støtte fleirkjernestruktur i Nordfjord og advarer mot å peike ut eitt regionsenter utan brei lokal forankring.

Presisere behovet for samordning mellom kommunale og fylkeskommunale planar og dei ulike rollene i planhierarkiet.

Vi peikar på faktiske feil i planprogrammet knytt til E39-traseen via Kjøs og Kvivsvegen. Vi vil også minne om at trase for framtidig E39 Byrkjelo - Grodås er bestemt via Utvik, Innvik med fjordkryssing til Svarstad og vidare til Grodås. Viser til vedtak om KVV Skei-Volda, jfr. pressemelding av 10.06.2014 og vedteken kommunedelplan E39 Byrkjelo-Grodås: <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e39byrkjelogrodas/>

Løfte fram beredskapsperspektivet i reiselivsområde som Oldedalen og Lodalen.

Styrkje analog og digital kommunikasjon i utsette dalstrøk.

Integrere mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel (Fagre Stryn 2.0).

Støtter uttalen frå Region Fjordane.

Arealutfordringar og lokal tilpassing:

Stryn kommune har mangel på næringsareal og bustadareal grunna naturfare og jordvern. Vi ber om at den regionale planen styrkjer kunnskapsgrunnlaget for naturfare og klimatilpassing, opnar for fleksible løysingar og lokal tilpassing, og støttar opp om bustadbygging og næringsutvikling i konfliktområde med sikring. Vi støttar også at planen må vektlegge behovet for meir kraft for å utvikle og ta del i grøn omstilling.

Beredskap og tryggleik i reiselivsområde:

Stryn er ei stor reiselivskommune, med Oldedalen og Lodalen som særleg utsette område. Her finst ingen alternative vegar inn og ut, og det er høg trafikk av både buande og besøkjande. Vi ber om at planen prioriterer beredskap og tryggleik på desse strekningane, styrkjer analog og digital kommunikasjon, og ser reiseliv og beredskap i samanheng.

Forankring i kommuneplanen – Fagre Stryn 2.0:

Planprogrammet må sjåast i lys av Stryn kommune sin samfunnsdel, som vektlegg berekraftig arealforvaltning, spreidd busetnad, beredskap og reiseliv. Vi ber om at planprogrammet respekterer og integrerer lokale målsetjingar frå kommuneplanen.

Tilrådingar og forventning

Rette faktagrunnlaget for E39 og transportstruktur.

Inkludere RV 15 og FV 60 som regionale hovudlinjer.

Respektere fleirkjernestrukturen i Nordfjord.

Opne for lokal tilpassing i arealforvaltning.

Prioritere beredskap og kommunikasjon i reiselivsområde.

Integrere mål og strategiar frå kommuneplanen.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB
Relevante lenker		

